



Saksframlegg

Støtteordning for bedriftsrådgiving og berekraftige utviklingstiltak i lokale verksemder – avsetjing av midlar frå næringsfondet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har som mål å leggje til rette for eit robust, framtidsretta og konkurransedyktig næringsliv. I kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035 er det peika på behovet for å styrkje både næringsutvikling, omstilling og berekraft i lokale verksemder. Telemark Næringshage tilbyr rådgivingstenester innan omstilling, berekraft, forretningsutvikling, prosjektleiing, innovasjonsmetodikk, digitalisering og marknadsføring. For verksemder som er definerte som målbedrifter kan mellom 25 og 75 prosent av kostnadene bli dekkja gjennom denne ordninga.

Administrasjonen ser særleg eit aukande behov for miljøsertifiseringar, mellom anna Miljøfyrtårn, i lokalt næringsliv. Slike sertifiseringar er i aukande grad ein føresetnad i offentlege innkjøp, anbod og marknadstilgang, men kostnader knytt til rådgiving og sertifiseringsprosessar kan vere ei barriere, særleg for små og mellomstore verksemder.

Fyresdal kommune ønskjer difor å bidra til at alle verksemder i kommunen, uavhengig av storleik og økonomisk bereevne, får reell moglegheit til å gjennomføre miljøsertifisering og anna berekraftsarbeid. Samstundes vurderer administrasjonen det som formålstenleg å etablere ei breiare støtteordning som også kan nyttast til annan bedriftsutvikling innanfor tilboda Telemark Næringshage gir.

Administrasjonen vurderer det difor som formålstenleg å etablere ei lokal støtteordning finansiert av næringsfondet, som kan supplere eksisterande verkemiddel og bidra til at fleire verksemder tek i bruk profesjonell rådgiving og utviklingstenester.

Kva saka gjeld

Saka gjeld etablering av ei støtteordning der Fyresdal kommune kan nytte midlar frå næringsfondet til å dekke delar av kostnader til bedriftsrådgiving og utviklingstiltak for lokale verksemder, med særleg vekt på miljøsertifisering og berekraftige tiltak.

Ordninga skal:

- vere eit lågterskeltilbod
- supplere Telemark Næringshage si bedriftsrådgiving
- bidra til næringsutvikling, omstilling og berekraft
- styrkje konkurransevna til lokale verksemder

Støtta kan nyttast til den delen av kostnadene som ikkje blir dekkja gjennom Telemark Næringshage eller andre offentlege/private ordningar. Dette kan til dømes vere:

- Miljøfyrtårn-sertifisering og resertifisering
- strategisk bedriftsrådgiving
- berekrafts- og omstillingsprosessar
- anna relevant utviklingsarbeid

Kriterium for ordninga

Kommunedirektøren legg til grunn følgjande hovudkriterium for støtte:

- Verksemda må vere lokalisert i Fyresdal kommune
- Verksemda må vere definert som målbedrift hos Telemark Næringshage
- Støtta kan berre nyttast til dokumenterte kostnader knytt til godkjende bedriftsrådgivings- eller utviklingstiltak
- Kommunal støtte kan berre dekke den delen av kostnadene som ikkje er dekkja av andre offentlege eller private ordningar
- Støtta blir gitt som tilskot og gir ikkje rettskrav på vidare eller framtidig støtte
- Verksemda pliktar å levere sluttrapport som dokumenterer:
 - at tiltaket er gjennomført
 - kva midlane er nytta til
 - eventuelle resultat eller status (til dømes gjennomført sertifisering)

Ordninga blir forvalta administrativt innanfor vedtekne rammer

Dersom tiltaket ikkje blir gjennomført, eller midlane ikkje blir nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga, kan kommunen krevje at heile eller delar av tilskotet blir betalt tilbake.

Nærare retningsliner for ordninga, inkludert krav til rapportering, dokumentasjon, tidsfristar og eventuell tilbakebetaling, blir fastsett av kommunedirektøren

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø og Strategi for næring og arbeidsliv: Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling

Ei støtteordning for bedriftsrådgiving og berekraftige tiltak vil:

- senke terskelen for at lokale verksemder nyttar profesjonell rådgiving
- styrkje konkurranseevna til næringslivet, mellom anna i møte med miljø- og berekraftskrav
- bidra til grøn omstilling og meir berekraftig verdiskaping
- spele saman med eksisterande regionale verkemiddel
- vere i tråd med næringsfondet sitt formål om å styrkje utviklingsorienterte verksemder

Kommunedirektøren vurderer at ei rammeavsetjing på 100 000 kroner er eit målretta og realistisk tiltak, som gir kommunen nødvendig økonomisk kontroll samstundes som ordninga kan nyttast fleksibelt over tid.

Konklusjon:

Ei samla støtteordning for bedriftsrådgiving og berekraftige utviklingstiltak vil vere eit godt verkemiddel for å styrkje lokalt næringsliv i Fyresdal. Ordninga vil bidra til auka kompetanse, betre omstillingsevne og meir berekraftig næringsutvikling, i samsvar med kommunen sine strategiske mål.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket ligg innanfor ramma av næringsfondet sine retningslinjer, og tilrår at det blir etablert ei slik ordning med ei avgrensa økonomisk ramme og administrativ forvaltning.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Fyresdal kommune set av inntil kr 200 000,- frå næringsfondet til ei støtteordning for bedriftsrådgiving og berekraftige utviklingstiltak i lokale verksemder.
2. Midlane kan nyttast til å dekke delar av dokumenterte kostnader til bedriftsrådgiving og utviklingstiltak, mellom anna Miljøfyrtårn-sertifisering, der kostnadene ikkje blir fullt ut dekkja av andre ordningar.
3. Verksemder som søker støtte må vere lokalisert i Fyresdal kommune og vere målbedrift hos Telemark Næringshage.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å utarbeide nærare retningsliner for ordninga, inkludert kriterium for tildeling, maksimal støtte per verksemd og rapporteringskrav.
5. Dei administrative vedtaka leggast fram som orienteringssaker til Formannskapet ein gong i halvåret.
6. Ordninga skal evaluerast og leggast fram for politisk behandling seinast etter to år ved behov for endring

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef